



# VINJE KOMMUNE

## Møteinnkalling

Utval	Stad	Dato	Kl.
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	Formannskapssalen	19.02.2018	09:00

### Saksliste

Saksnr	Tittel
PS 18/1	Referat og meldingar
PS 18/2	Nordheimstunet - ulike tema knytt til tilbod, bruk og utvikling
PS 18/3	Årsmelding 2017 for rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

*Helse- og omsorgssjef Kari Dalen orienterar om statusen i eininga pr. dags dato.*

*Kultursjef Signe Marie Kittelsaa orienterar om arbeidet med frivilligsentralen.*

Gyldig forfall skal meldast til administrasjonssekretæren i god tid.

Varamedlemene skal berre møte dersom dei blir kalla inn.

Innkallinga kan du og finne på kommunens heimeside [www.vinje.kommune.no](http://www.vinje.kommune.no).

Åmot, 13.02.18

Asbjørn Gardsjord  
leiar

Reidun Lofthus  
administrasjonssekretær

PS 18/1 Referat og meldingar

RS 18/1 Referat frå førre møte



Vinje kommune

Rådmannen

--

Arkiv saknr:	2017/892
Løpenr.:	2247/2018
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	19.02.2018	18/2

Sakshandsamar: Jan Myrekrok | Kari Dalen

## Nordheimstunet - ulike tema knytt til tilbod, bruk og utvikling

### Vedlegg:

- Innspel om Norheimstunet

### Bakgrunn:

Etter ønske frå rådsleiar vert det fremja sak om Nordheimstunet. Vedlagde notat frå Øvre Vinje pensjonistlag utdjupar tema som ein ønskjer å drøfte nærare. For øvrig var ordførar og representantar for administrasjonen i møte med lag og organisasjonar i Øvre Vinje i januar i år. Blant dei sakene representantane tok opp, var eit ynskje om å utvide eldresenteretilbodet ved Norheimstunet med ein dag til i veka, slik at senteret skal kunne halde oppe to dagar i veka.

Ynsket har kome parallelt frå kokken som engasjert ved eldresenteret den dagen det no er oppe. Han trivst godt og ynskjer større stilling.

### Vurdering:

I Vinje er det i dag eitt eldresenter, dette er lokalisert til Norheimstunet. Isolert sett er ei utviding av eldresenterdrifta ved Norheimstunet positivt med omsyn til den førebyggjande effekten ein slik sosial møteplass har og kan tenkast å få. Det er lange tradisjonar i Øvre Vinje for eit slikt tilbod, og dette er også grunnen til at eining for Helse og omsorg valde å oppretthalde tilbodet når støtta til eldresentra i kommunen fall bort ved ei budsjethandsaming for fleire år sidan. Tilbodet ved Norheimstunet har gjennom åra samla mange til sosialt fellesskap, felles måltid og lett kontakt med de i heimebaserte tenestene som har base i same lokale.

Helse og omsorg har gjennom budsjettvedtak for 2018, fått betydeleg kutt i sine rammer og har som hovudprioritering å justere og tilpasse drift i høve til gitt ramme. Sjølv om eit slikt tiltak kan oppfattast å ha marginal konsekvens, må ein vurdere om dette skal etablerast ved å erstatte 20% pleieressurs med 20% kjøkenressurs eller om ein skal auke avdelinga si ramme. Vel ein det siste, må ein parallelt velje kor ein skal redusere tilsvarande.

Kostnad 20% stillingsauke utgjer 109 740 ut frå dagens lønsplassering. Inntekt middag eldresenter 2017 med opningstid ein dag per veke : var 42 570. Middagspris blir fastsett av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga kvart år.

Vinje kjøkendrift er ei sjølvstendig resultateining i Vinje kommune . For dei vil ei utviding av tilbodet ved eldresenteret inneber tapt inntekt tilsvarande ein dags leveranse i veka, og følgeleg også redusere produksjonsvolum.

Utviding av eldresenterdrift med ein dag i veka vil med andre ord redusere inntektsgrunnlag og mengde produsert vare for Vinje kjøkendrift, og parallelt auke utgiftene for Helse og omsorg.

Saka vert fremja utan innstilling.

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

--

Rådmannen, 13.02.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/

**Fra:** asbj.gards@gmail.com  
**Sendt:** 06.02.2018 08:29:59  
**Til:** Jan Myrekrok  
**Kopi:** a-arnev@online.no; Reidun Lofthus

**Emne:** Innspel om Norheimstunet  
**Vedlegg:**

Hei Jan

Eg hev fenge innspel frå Haukeli om Norheimstunet. Eg vidaresender melding derifrå, skriven av Asbjørn Arnevik, som innspel frå Rådet.

Innspelet er dela opp i tre bolkar. Det er fleire einingar som kan ha bidrag, men kanskje det samlast hjå seg? Flott med slik førebuing, då blir sikkert solid og bestemt gjennomgang også i møtet til beste for brukarane av Norheimstunet.

helsing Asbjørn

- 
- 1 Behovet for langsiktig planlegging for utbygging av Norheimstunet (heretter for korthets skyld benevnt NHT)
  - 2 Nyttan og gleden ved Norheimstunet som sosial samlingsplass
  - 3 Fredagsmiddagene på NMT
- 1 Som vist i kommunens eget planprogram (Helse og omsorg) vil andelen eldre øke, og de eldre vil bli eldre enn tidligere. Dette understreker behovet for langsiktig planlegging av eldresentrene i kommunen, også for NHT. I praksis er det fullt på NHT heile tida. Dette er tidligere spilt inn overfor kommunen, og jeg gjentar derfor ikke dette nå.
  - 2 Vi har fått de ansatte og brukerne ved NHT til å si litt om hva de anser som viktig ved NHT som institusjon i bygda. Øvre Vinje Pensjonistlag diskuterte også saka i styremøte i dag. I kortform er følgende forhold viktige:
    - NHT blir bruka både dag og kveld til møteverksemd: Pensjonistlaget, helselaget, adventstilstelning/jolegranstenning, bildeframvisningar m.m. og feiring av merkedagar.
    - NHT gjev dei engasjerte bygdefolka ein plass å vera og ha aktivitetar og møte for eldre og bebuarar på NHT.
    - Det gjev bebuarar på NHT lett tilgang til å delta på aktivitetar og møte. Lokalar med universell utforming gjer at alle har moglegheit til å delta uansett føresetnader.
    - Bebuarar og dei eldre i distriktet blir ein del av bygdesamfunnet og føler dermed tilhørigheit i eit fellesskqp
    - Eldresenteret dekker dei sosiale behova for fleire, samt det å bli sett , høyrd og respektert. Dette handlar om betra livskvalitet og mental stimulering. Bebuarane på NHT har ingen særskilde aktivitetar, og ingen andre tilbod for bebuarane, difor er eldresenteret ein viktig arena for å få stimuli på ei rekke områder.
  - 3 Kvar fredag kjem eldre frå distriktet for å møtast og få eit godt og heimelaga måltid saman. I gjennomsnitt er det ca. 20 personer kvar fredag, i tillegg til bebuarane på NHT. Dette er den einaste dagen i veka at bebuarane på NHT får kjenne lukta av heimelaga mat og kan kome med sine middagsynskjer. Det at dei kan ete middag

saman med andre folk i bygda understreker at dei er ein del av eit større fellesskap. Dette handlar om førebygging av kjensler som einsemd, isolasjon og depresjon. Denne dagen får og helsepersonellet i heimetenesta møte eldre som ikkje har slike tenester og kan kartlegge tidleg kva dei eldre kan ha trong til. Desse fredagane sikrar og at eldre i distriktet får eit godt samsett og næringsrikt måltid. Brukarane av eldresenteret ynskjer sterkt auka åpningstider eller fleire dagar i veka med slike middagar der dei kan får eit godt måltid. Dette tyder på at alle er godt nøgde med at det fins slike tilbod. Ei auke til fleire dagar vil ytterligere redusere risikoen for feilernæring blant dei eldre. Vi trur at dette også vil gjere at dei eldre i større mon klarar seg sjølve og er friskare.

- 4 Busstransport i samband med desse middagane gjev eldre moglegheit for å koma seg på butikken og andre ærend. Dette er eit stort pluss for dei som ikkje køyrer sjølve og er med på å redusere følelsen av isolasjon.

Dette kan summeres opp i:

- Det bør startes en langsiktig planlegging med tanke på å utvide NHT i takt med økt behov, både når det gjelder antallet eldre, alderssammensetningen og helsesituasjonen til de eldre.
- Utviklingen av NHT og eldresenteret må sees i lys av at sambruken av eldresenteret er viktig for det sosiale livet blant eldre i bygda, og ikke minst for beboerne på NHT.
- Virkemidler som felles middag for beboere og øvrige bygdefolk bør benyttes i større grad, gjerne med utvidelse av tilbudet til to ganger pr. uke.



--

Arkiv saknr:	2018/161
Løpenr.:	738/2018
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	19.02.2018	18/3
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Reidun Lofthus

## Årsmelding 2017 for rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

### Dokument i saka:

- Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråde
- Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.

### Bakgrunn:

I Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd § 4 og i Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. § 7 står det at rådet kvart år skal utarbeide ei melding om verksemda si.

Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

### Vurdering:

Rådet har hatt denne samansetjinga i 2017

Medlem	Varamedlem
Asbjørn Gardsjord (leiar)	Gerd Inger Skjævesland
Ingfrid Solberg (nestleiar)	Jorunn Aarhus
Asbjørn Arnevik	Margit Apeland
Tor Strømme	Hanna Jordstøyl
Britt Rønningen	Reidun Hyttedalen
Anne Lise Haugen	Kari Bø
Ragnfrid Bakken	Inger Rønningen

I løpet av året har rådet hatt 4 møter der dei har handsama 17 saker.  
Nokre av sakene rådet har handsama er

- Frivilligsentralen i Vinje kommune
- Regionalplan for folkehelse i Telemark
- Årsrekneskap for 2016
- Årsmelding 2016
- Planprogram - oppstart trafikksikkerhetsplan Vinje kommune 2018-2022
- Forskrift om tildeling av langtidsopphald ved Vinje sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild tilrettelagt for heildøgns omsorg, kriteriar og venteliste
- Årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021

Elles har rådet fått diverse orienteringar/informasjon frå einingar i kommunen, samt hatt vitjing frå leiaren av Eldrerådet i Porsgrunn som skildra korleis dei arbeider.

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

<b>Årsmeldinga til rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne for året 2017 blir teke til etterretning.</b>
--

Rådmannen, 18.01.18

Jan Myrekrok, rådmann /s/